

Sakshandsamar:

Eva Kristin Svidal
E-post: eva.kristin.svidal@sfj.no
Tlf.: 91169693

Vår ref.

Sak nr.: 17/2796-21
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

21147/17

Dykkar ref.**Dato**

FØRDE, 24.05.2017

Notat**Kulturmidlar 2017 - Festivalar - vurderingar**

Tilskot vert gitt til fylkesdekkande kulturorganisasjonar/fylkesledd og arrangørar med føremål innan kulturområdet. Ein legg særleg vekt på kulturaktivitet for barn og unge.

For musikkfestivalar blir det lagt vekt på om festivalen har fått støtte frå Norsk kulturråd si støtteordning for musikkfestivalar eller om den støttar opp om spesielle mål i kulturstrategien.

Ein legg også vekt på satsingsområde og gjennomgåande perspektiv i Kulturstrategi 2015 – 2018.

1. Populærmusikk

Tiltak: 17/2796-20	Fres Festival	Søklar:	Fres Festival		
Innhald:	Foreininga Fres Festival skipar til festival på garden Skau i Fresvik. Målet er at festivalen skal ha eit så høgt kunstnarleg nivå som mogleg, og at Fres skal feste seg som eit anerkjent namn både i musikkbransjen og blant publikum. I 2017 held arrangøren fram med å eggje vekt på å få eit så kvalitetsmessig og balansert program som mogeleg. Søkjer midlar til tryggingstiltak og vakthald, profesjonell produksjon og hyre av artistar. Program innan vise, pop/rock, elektronisk musikk, og prog.				
Vurdering:	Fres Festival har sidan starten i 2005 gitt publikum variert musikk. Festivalen legg vekt på å ha eit så kvalitetsmessig og balansert program som mulig. Fres Festivalen er eit godt tiltak som set Fresvik på kartet. Ved tilskot til musikkfestivalar blir det lagt vekt på om festivalen har fått støtte frå Norsk kulturråd si støtteordning for musikkfestivalar, eller om den støttar opp om spesielle mål i kulturstrategien. Fres festival er ikkje tildelt midlar frå støtteordninga for musikkfestivalar i 2017. Fylkesdirektøren rår til å avslå søknaden.				
Budsjett:	1940 000	Søknadssum:	40 000	Vedtak:	0

Tiltak: 17/2796-18	Malakoff 2017	Søklar:	Malakoff Rockfestival
Innhald:	Malkoff Rockfestival har som mål å produsere #denbestefestivalopplevinga, og samle studentar, ungdom og vaksne i frå heile regionen. Festivalen serverer ei fantastisk totaloppleving med musikk og gode sceneproduksjonar. Ein har mål om å spreie kunnskap og interesse for spesielt for rock/metal, men også musikk frå andre sjangrar. Arrangøren ønskjer å ta vare på og vidareutvikle den lokale malakoffidentiteten og dugnadsånda som er ein sterk og viktig ressurs for festivalen som er 15 år i år. Hovudmålgruppe er ungdom og studentar i alderen 16 – 24 år.		
Vurdering:	Malakoff er ein festival med solid forankring lokalt, godt fagleg innhald, og som årleg trekkjer publikum frå eit stort omland. Festivalen har over tid bygt seg opp til ein stor og markant musikkfestival for ungdom, jf også internasjonale kåringar, også ikledd ein		

	familieprofil. Festivalen har stor omsetjing. Fylkesdirektøren prioriterer å støtte festivalar som er tildelt midlar frå Norsk kulturråd si støtteordning for musikkfestivalar, eller som støttar opp om spesielle mål i kulturstrategien. Malakoff er ikkje tildelt midlar frå støtteordninga for musikkfestivalar i 2017. Fylkesdirektøren rår til å avslå søknaden for 2017.				
Budsjett:	17 012 400	Søknadssum:	100 000	Vedtak:	0

Tiltak: 17/2796-10	Utkantfestivalen 2016	Søklar:	Stiftinga Utkast		
Innhald:	Utkant er ein populærmusikkfestival arrangert på Skjerjehamn i Gulen. Festivalen vert arrangert 27. – 29. juli 2017. Utkant vart arrangert for fyrste gong i 2007 og har etter dette vore ei årvisst hending. Festivalen i 2017 vert den 11.i rekka. Utkant har sida oppstart sikra ein jamn auke i publikumstilfang og trekker til seg tilskodarar frå eit stadig vidare geografisk område. Festivalen har sidan starten motteke økonomisk støtte frå vertskommunen Gulen. Utkant mottek vidare årleg stønad frå Norsk kulturråd si festivalstøtte-ordning, og er for 2017 tildelt 225000 kr, noko som gjer festivalen til den største statlege søknadmottakaren for populærmusikk (pop/jazz/blues/rock) i Sogn og Fjordane.				
Vurdering:	Utkant er ein populær festival som i 2016 hadde over 11 000 besøkande. Festivalen er tildelt midlar for 2017 frå tilskotsordninga for musikkfestivalar hos Norsk kulturråd. Fylkesdirektøren rår difor til å støtte festivalen. Ein føreset kommunal medfinansiering.				
Budsjett:	5 071 136	Søknadssum:	200 000	Vedtak:	100 000

Tiltak: 17/2796-8	Målrock 2016	Søklar:	Stiftinga Målrock		
Innhald:	Målrockfestivalen vert arrangert for 15. gong 9. -12. august 2017, og er det viktigaste kulturelle samlingspunktet i Sogn i august kvart år. Festivalen prioriterer artistar og band som syng/uttrykker seg på dialekt og norsk, men samstundes med tydeleg fokus på kvalitet og variasjon. Målgruppa er musikkinteresserte i alle aldrar, med hovudfokus på publikum frå Sogn som region, men med nedslagsfelt og marknadsføring i heile Sogn og Fjordane i tillegg til deler av Valdres, Hordaland og Hallingdal. Målrock nyttar heile Årdal som arena for arrangementet, sjølv om hovuddelen foregår i Meieriparken på Årdalstangen. Festivalen har også arrangement "Under Skåri" i mektige naturomgjevnader i Utladalen. Totalt står det 5 artistar på scena kvar kveld i Meieriparken på Årdalstangen, samt 2-3 artistar på arrangementet i Utladalen. Festivalen har inga aldersgrense, og arrangementet i Utladalen er lagt til rette for familiar og born med gratis inngang for alle under 16 år. Det er eit mål å gjere arrangementet i Utladalen gratis for alle i 2017. Dei siste åra har festivalen hatt mellom 5000 og 7000 besøkande i løpet av helga.				
Vurdering:	Fylkesdirektøren ser på dette som ein spennande festival som er i tråd med gjennomgåande perspektiv i kulturstrategien. Festivalen er tildelt midlar for 2017 frå tilskotsordninga for musikkfestivalar hos Norsk kulturråd. Fylkesdirektøren rår til å støtte festivalen. Ein føreset kommunal medfinansiering.				
Budsjett:	3 865 000	Søknadssum:	50 000	Vedtak:	40 000

Tiltak: 12	Elvisfestivalen i Måløy	Søklar:	Elvisfestivalen v/Helge Hjelle
Innhald:	Elvis Festivalen i Måløy, den 10. – 12. august 2017 er ein musikkfestival der Elvis Presley sin musikk skal vere det gjennomgåande, men også ein musikkfestival for og med musikk frå 50,60 og 70 årene. Det er 4. gangen Elvis Festivalen blir arrangert. Søkjer spesielt støtte til konsert for bebuarar på omsorgssenter i kommunen og for utviklingshemma. Konserten for utviklingshemma er i samarbeid med Miljøtenesta i Vågsøy kommune. Også innbyggjarar i målgruppa frå andre kommunar i fylket og frå Sunnmøre vil bli invitert.		
Vurdering:	Festivalen søkjer spesielt om støtte til arrangement for bebuarar på omsorgssenter og for utviklingshemma. Fylkesdirektøren ser positivt på at festivalen ønskjer å prioritere tilbod til desse målgruppene, men tilskot til drift vert gitt til arrangøren sin normale aktivitet, og er ikkje knytt til prosjekt/særlege tiltak. Elvisfestivalen er ein musikkfestival. Fylkesdirektøren prioriterer å støtte festivalar som er tildelt midlar frå Norsk kulturråd si støtteordning for musikkfestivalar, eller som støttar opp om spesielle mål i kulturstrategien. Elvisfestivalen er ikkje tildelt midlar frå støtteordninga for musikkfestivalar i 2017. Fylkesdirektøren rår til å avslå søknaden.		

Budsjett:	1 335 000	Søknadssum:	50 000	Vedtak:	0
-----------	-----------	-------------	--------	---------	---

Tiltak: 17/2796-17	Jordeplerock 2017	Søklar:	Foreininga Jordeplerock		
Innhald:	Foreininga Jordeplerock vart stifta i 2013 og har i fire år arrangert ein festival i stor vekst. Festival hadde auke i publikumstalet i 2016 pga. av store namn på plakaten. Årets festival vert arrangert 23.-25. juni og er festivalen sitt 5-årsjubileum. Arrangøren har som mål å halde fram med å arrangera ein stor og berekraftig festival med lokal forankring. Ein vil fremje dei lokale verdiane og identiteten gjennom blant anna matglede, språk og musikk, og tek sikte på å vera ein festival som bidreg til verdiskaping og engasjement blant ungdomane lokalt. I 2017 har arrangøren mål om å heve kvaliteten i alle ledd, og til det treng ein meir midlar. Hovudmålgruppe ungdom i alderen 15 – 30 år.				
Vurdering:	Jordeplerock har sidan starten utvikla seg til å bli ein viktig festival for Lærdal som også trekkjer publikum frå andre kommunar. Fylkesdirektøren prioriterer å støtte festivalar som er tildelt midlar frå Norsk kulturråd si støtteordning for musikkfestivalar, eller som støttar opp om spesielle mål i kulturstrategien. Jordeplerock er ikkje tildelt midlar frå støtteordninga for musikkfestivalar i 2017. Fylkesdirektøren rår til å avslå søknaden.				
Budsjett:	795 000	Søknadssum:	50 000	Vedtak:	0

Tiltak: 17/2796-11	Glopperockfestivalen	Søklar:	Gloppen musikkforum		
Innhald:	Glopperockfestivalen vart etablert i 1980 og vert i dag arrangert av musikkforeininga Gloppen Musikkforum. Glopperock er godt forankra i lokalmiljøet etter 35 års drift og er den eldste rockefestivalen i Noreg. Glopperock samlar ca. 50 ungdomar til ein felles dugnadsinnsats for gjennomføring av arrangementa torsdag til søndag, og styrker samkjensla og identiteten i lokal miljøet og regionen. Det vert arbeidd ca. 300 dugnadstimar kvart år som utgjer ca. 0,2 årsverk. Glopperockfestivalen skal gje folk eit kulturtilbod innan musikkretningar som rock, pop og anna rytmisk musikk. Festivalen skal ivareta rocken sin interesser om musikkform, samt fremja og spreie kunnskap om rock, på lik linje med anna kulturell verksemd. Glopperock og Gloppen Musikkforum sine arrangement skal nå publikum i alle aldra, med hovudvekt på ungdom. Ein vil leggje vekt på å ha tidsaktuelle og kunstnarleg kvalitetsbeviste artistar, som kan gje ei god konsertoppleving for publikum.				
Vurdering:	Glopperockfestivalen har siste åra utvikle innhaldet med nye arenaer og samarbeid. Fylkesdirektøren prioriterer å støtte festivalar som er tildelt midlar frå Norsk kulturråd si støtteordning for musikkfestivalar, eller som støttar opp om spesielle mål i kulturstrategien. Glopperockfestivalen er ikkje tildelt midlar frå støtteordninga for musikkfestivalar i 2017. Fylkesdirektøren rår til å avslå søknaden.				
Budsjett:	600 000	Søknadssum:	100 000	Vedtak:	0

2. Jazz/blues

Tiltak: 17/2796-19 og -9	Tilskot til drift inkl. FjordBlues festivalen	Søklar:	Fjæra bluesklubb
Innhald:	Fjæra bluesklubb arrangere kvar år festivalen FjordBlues. I tillegg har klubben ulike konsertarrangement gjennom året. FjordBlues festivalen vert arrangert 19. – 22. oktober. Gloppen hotell er hovudarena. Festivalen har som føremål å presentere blues og nærliggande stillarartar, og har både internasjonale, nasjonale og lokale band på programmet. Festivalen har både ungdoms- og barne- og familiekonsert på. I 2015 gjekk klubben sin representant på Union Blues Cup 2015, ungdomsbandet SILO, av med sigeren. Bluesklubben følgjer opp bandet heile 2017 fram mot deltaking på tilsvarande internasjonal konkurranse i USA i februar 2018. Elles planlegg ein nye tiltak som quiz og bluesdiscotek, og vil vidareføre samarbeid med Firda vgs.		
Vurdering:	Fjordblues er etablert seg som eit bluesarrangement med godt omdøme i bluesmiljøet. Festivalen har tilbod til barn og unge. Fjæra bluesklubb har søkt Gloppen kommune om støtte til arrangementet i 2017. Festivalen har ikkje fått støtte frå Norsk kulturråd si støtteordning for musikkfestivalar. Fylkesdirektøren rår likevel til å støtte		

	<p>arrangementet FjordBlues 2017 då festivalen representerer ein eigen sjanger blant festivalar i fylket og difor er med å gje større breidde innan feltet. Dette er i tråd med at støtteordninga skal vere med å fremje eit allsidig kulturliv i fylket. Ein føreset kommunal medfinansiering.</p> <p>Fjæra bluesklubb søker også om driftstøtte til sin heilårlege aktivitet. Tilskot til drift vert gitt til fylkesdekkande kulturorganisasjonar. Fjæra bluesklubb er å rekne som ein lokal organisasjon. Lokale organisasjonar kan søkjer kommunale kulturmidlar.</p>				
Budsjett:	510 000	Søknadssum:	80 000 FjordBlues 2017 50 000 driftsstøtte Fjæra bluesklubb	Vedtak:	25 000

Tiltak: 8 og 1	Balejazz 2016	Søklar:	Stiftinga Balejazz		
Innhald:	<p>Balejazz vert arrangert for 28. gong i 2017. Balejazz ønskjer å vidareutvikle rolla ein har teke som ein spanande, nyskapande og dynamisk jazzfestival i Noreg og Norden. For 2017 har ein planar om å eksperimentere med tilstøytande sjangrar og kople to og fleire artistar saman slik at ein får nye og spanande musikalske konstallasjonar. Spesielt ønskjer ein å nytte musikarar frå Sogn og Fjordane til desse møta. Budsjettet er auka for festivalen i 2017. Det skal vere med å styrke profilen, auke den kunstnarlege kvaliteten, dekke utgifter til reise/lyd/backline og få styrka administrative tenester.</p>				
Vurdering:	<p>Balejazz er ein godt innarbeidd festival og den største jazzfestivalen i fylket. Festivalen er tildelt midlar for 2017 frå tilskotsordninga for musikkfestivalar hos Norsk kulturråd. Fylkesdirektøren rår til å støtte festivalen. Ein føreset kommunal medfinansiering.</p>				
Budsjett:	2 625 000	Søknadssum:	200 000	Vedtak:	150 000

Tiltak: 17/2796-2	Jazz på Jølst	Søklar:	Jølster jazzklubb		
Innhald:	<p>Jølster jazzklubb arbeider for å gjere jazzmusikken kjend og tilgjengeleg i Jølster og omland, ved å avvikle eitt eller fleire arrangement i gjennom året. Klubben planlegg ca. 12 konsertar/arrangement i 2017. Minst ein konsert for born, minst ein for og med ungdom, musikkverkstad for unge. Sju av konsertane skal vere under festivalen Jazz på Jølst i oktober. Klubben samarbeider med lokale organisasjonar som skulemusikk og kulturskule, og prøver å legge arrangement til ulike konsertlokale i kommunen for å støtte opp om lokalt næringsliv. I tillegg brukar ein ei elevbedrift ved Hafstad vgs til utarbeiding av promoteringsmateriale. Klubben har som mål å presentere musikk som femner vidt innanfor jazz og nærliggjande musikkformer, og utøvarane skal vere både lokale, regionale og nasjonale. Jølster jazzklubb skal gje unge musikarar ein stad å presentere seg og ikkje minst vere ein sosial møteplass der publikum kjenner seg heime.</p>				
Vurdering:	<p>Jazz på Jølst har etablert seg som eit årleg arrangement med eit godt program. Festivalen vektlegg tilbod til barn og unge. Jølster Jazzklubb har søkt Jølster kommune om 10 000 kr i støtte sin aktivitet i 2017, inkl. Jazz på Jølst. Jf. Vedlagt budsjett utgjer søknader om statleg og regional støtte 170 000 kr. Eigne midlar er på 80 000 kr. Fylkesdirektøren vil påpeike at arrangøren bør jobbe for å auke den lokale medfinansiering. Festivalen har ikkje fått støtte frå Norsk kulturråd si støtteordning for musikkfestivalar 2017. Festivalen har arrangement for barn og unge og arrangerer ein eigen musikkverkstad for unge. I retningslinjene for tilskot til drift legg ein særleg vekt på kulturaktivitet til barn og unge. Fylkesdirektøren rår difor til å støtte søknaden med ein øyremerka sum til aktivitetar for, av eller med barn og unge under festivalen. Ein føreset kommunal medfinansiering av festivalen.</p> <p>Jølster Jazzklubb søker også om driftstøtte til sin heilårlege aktivitet. Tilskot til drift vert gitt til fylkesdekkande kulturorganisasjonar. Jølster Jazzklubb er å rekne som ein lokal organisasjon. Lokale organisasjonar kan søkjer kommunale kulturmidlar.</p>				
Budsjett:	427 100	Søknadssum:	70 000	Vedtak:	25 000

3. Klassisk

Tiltak: 17/2796-16	Gloppen musikkfest 2017	Søklar:	Stiftinga Gloppen musikkfest		
Innhald:	Gloppen Musikkfest er ein årleg festival som ønskjer å løfte fram den klassiske musikken for eit publikum i Sogn og Fjordane. I 2017 er det store prosjektet å bringe Kringkastingsorkesteret til fylket. Festivalen vil gje publikum klassisk musikk i både det store orkesterformatet og det intime kammerformatet. Å få KORR til festivalen er eit stort økonomisk og praktisk løft. Det vert festival i Gloppen, satelittkonsertar med KORR-musikarar i Florø, Førde, Sogndal, Bremanger, Eid (og Volda), seminar på musikklinja på Firda vgs, for grunnskulelærarar i regionen, for distriktsmusikarane i fylket. Også i år skal festivalen ha ei eiga satsing på "Unge klassikarar" med konsertar og eige kammerseminar for desse. I tillegg til orkesterkonsert vert det kammerkonsertar i Gloppen og i fylket og eigne barnehage- og skulekonsertar. Arbeidsplassar og institusjonar skal også få besøk.				
Vurdering:	Fylkeskommunen har utviklingsavtale med Gloppen musikkfest for 2016 – 2018. Festivalen er tildelt 300 000 kr frå Norsk kulturråd i 2016 og 2017. Fylkesdirektøren rår difor til å støtte festivalen. Det er føresett kommunal medfinansiering.				
Budsjett:	1 500 000	Søknadssum:	200 000	Vedtak:	110 000

Tiltak: 17/2796-4	Operafestivalen Mimi goes glamping 2017	Søklar:	Villa Åmot v/ Steinar Sørli		
Innhald:	Åmot Operagard og Bergen Nasjonale Opera inviterer til festival og ein ny måte å oppleve opera på. Mimi Goes Glamping er ein kombinasjon av vakker opera, lokalprodusert gourmetmat og naturopplevselser – med majestetisk vestnorsk fjordlandskap som operakulisse. Medan festivalen sine gjesteartistar er prominente europeiske namn, er festivalen også viktig i arbeidet med å utvikle unge norske songarar og fremme regionalt reiseliv. Søklar sin visjon for dei neste åra er å utvikle festivalen som ein unik begivenhet som fremmar regional utvikling og samtidig bidrar til å utvikle talent for Norge som nasjon: <ul style="list-style-type: none"> • Presentere ei lang rekke arrangement i verdensklasse med fokus på opera, natur og mat • Utvikle unge talent ved å føre saman internasjonale og regionale artistar og skapande kunstnarar på nye måtar • Auke kulturturismen i regionen • Auke kreativiteten i regionen • Plassere festivalen på kartet som eit stort og viktig arrangement i eit spennande miljø 				
Vurdering:	Fylkesdirektøren ser på dette som ein positiv og nyskapande festival. Fylkesdirektøren prioriterer å støtte festivalar som er tildelt midlar frå Norsk kulturråd si støtteordning for musikkfestivalar, eller som støttar opp om spesielle mål i kulturstrategien. Mimi goes glamping 2017 ligg nok litt på sida av, og er ikkje tildelt midlar frå støtteordninga for musikkfestivalar i 2017. Fylkesdirektøren rår likevel til å støtte festivalen ut frå at dette er ein annan type festival som er med på å utvikle breidde og variasjon i festivaltilbodet i fylket. Samarbeidet med Bergen Nasjonale Opera gir også tilgang for musikarar og songarar frå fylket inn til eit profesjonelt miljø der dei kan hente kunnskap og erfaring, noko som i neste omgang kjem musikkmiljøet i fylket til gode. .				
Budsjett:	1 160 000	Søknadssum:	50 000	Vedtak:	50 000

4. Litteratur

Tiltak: 17/2796-6	Nynorske litteraturdagar	Søklar:	Nærøyfjorden verdsarvpark		
Innhald:	Nynorske litteraturdagar (NL) er ein festival der litteratur, språk, musikk, kunst og humor utgjer eit årleg kulturarrangement. Fokus på det nynorske språket og dialektane våre er aktuelt som aldri før, og bevisst bruk er grunntanken i programplanlegginga. Visjonen til Nynorske litteraturdagar er forankra i slagorda "folkeleg - raus - levande". Nynorske litteraturdagar skal ha ein regional og nasjonal profil, tufta på ei solid lokal forankring. Samarbeid med barnehagar og skular i regionen og planar om eige program for denne gruppa også på laurdagen.				
Vurdering:	Fylkesdirektøren ser på dette som ein særeigen festival som er i tråd med gjennomgåande perspektiv i kulturstrategien om at nynorsk skriftspråk er eit fullgodt bruksspråk på alle samfunnsområde. Fylkesdirektøren rår til å støtte festivalen. Det er				

	føresett kommunal medfinansiering.				
Budsjett:	1 200 000	Søknadssum:	75 000	Vedtak:	75 000

5. Film

Tiltak: 11	Sogndal Filmfestival 2017	Søklar:	3. klasse medium og kommunikasjon ved Sogndal vgs.		
Innhald:	Sidan 2005 har elevane ved 3. klasse medium og kommunikasjon på Sogndal VGS arrangert Sogndal Filmfestival. I 11 åra har ein oppmuntra til filmskaping i lokalmiljøet. Arrangementet vil starte med ein gallakveld der ungdommar frå heile vestlandet kan melde seg på med kortfilmar i forskjellige kategoriar, der det i 2016 kom inn rundt 50 filmar. I løpet av kvelden skal alle prisar delast ut. Dag to er ein fagdag der årets føredragshaldarar vil halde føredrag for ein kvar. Prosjektets visjon er å skape ein filmfestival som syner det beste av ung kortfilm frå Vestlandet.				
Vurdering:	Sogndal filmfestival er eit tiltak av og for ungdom og støttar opp om kulturstrategien sitt gjennomgåande perspektiv om at barn og unge er morgondagens samfunnsbyggjarar. Film av og med ungdom er også ein sjanger innan UKM det er ønskeleg at blir styrka. Fylkesdirektøren rår til å støtte søknaden.				
Budsjett:	80 000	Søknadssum:	20 000	Vedtak:	15 000

6. Scenekunst

Tiltak: 10	Teaterfestivalen i Fjaler	Søklar:	Teaterfestivalen i Fjaler		
Innhald:	Arrangøren ynskjer å halde fram med å arrangere ein årleg teaterfestival der hovudmålet for perioden vert å få etablert ein føreseieleg økonomi med sikte på å løne kunstnarleg og dagleg leiing. Ein ynskjer å halde fram med utviklinga av festivalen og produksjonsmiljøet i Fjaler. Tema for festivalen i 2017 vert Menneska/Naturen. Ein vil drøfte menneska si rolle i naturen og korleis den har endra seg gjennom tidene og korleis den vil utvikle seg. Etter avtale med kulturseksjonen i fylkeskommunen søker Teaterfestivalen i Fjaler om 3 årig støtte.				
Vurdering:	Dalsfjorden er eit viktig område for teater der mange profesjonelle aktørar er lokalisert. Teaterfestivalen er ein av desse. Dette er eit tilbod som ein i dag finn lite av i fylket og som er med å utvide kulturtilbodet i regionen på ein god måte. Festivalen har sett opp finansieringsplan som forventar auke i fylkeskommunalt tilskot dei neste åra. Dette vil bli vurdert i samband med utarbeiding av ein festivalstrategi for Sogn og Fjordane. Strategien vil vere gjeldande frå 2018. Fylkesdirektøren rår til å løyve tilskot for 2017. Det er føresett kommunal medfinansiering.				
Budsjett:	1 412 000	Søknadssum:	250 000	Vedtak:	150 000

7. Anna

Tiltak: 17	Kulturfestivalen for menneske med utviklingshemming	Søklar:	NFU Sogn og Fjordane fylkeslag		
Innhald:	Kulturfestivalen 2017, 23.-25.mars i Førde. Inviterer innbyggjarar i Sogn og Fjordane, som har ei utviklingshemming til ei kurshelg lagt til rette for deira behov. I samarbeid med fylkeskommunen og Grieg Akademiet i Bergen, samlar festivalen dyktige instruktørar innan musikk, dans, drama, kunst og IT. Målet er å gje dei ei lærerik og opplevelsesrik helg, som dei kan ta med seg tilbake til sin kvardag/heimkommune. Festivalen i 2017 er den 29. kulturfestivalen som ver arrangert i fylket. Blusebandet Good time Charlie frå Førde/Bergen skal vere med heile helga, og ha ansvar for kurs innan band. TV Bra, som no har etablert seg i Sogn og Fjordane, skal også vere med heile helga og ha ansvar for kurs innan media/IKT. Kulturfestivalen i Sogn og Fjordane er unik i landssamheng, fordi den tilbyr kurs for menneske med multihandikap. Dei får eit kurs med mykje sansestimulering, gjennom musikk og rytmar. I tillegg til kursa har vi opningskonsert, parade i Førde sentrum, festmiddag med program og dans med levande band. Heile helga vert avslutta med ei framsyning av det dei har lært i løpet av helga.				
Vurdering:	Fylkesdirektøren ser på dette som eit viktig arrangement, ei konkretisering av kulturstrategien sitt gjennomgåande perspektiv om tilgjenge. Fylkesdirektøren rår til å				

	støtte festivalen. I tillegg yter fylkeskommunen ein stor fagleg innsats i samband med arrangementet og dekker utgifter til ein verdi av ca. 25 000 kr knytt til at studentar frå studiet i musikkterapi ved UIB deltek som instruktørar.				
Budsjett:	256 200	Søknadssum:	90 000	Vedtak:	60 000